

KUNST

EVA FURSETH, kunsthistorikar. eva.furseth@gmail.com



«Broken Column», skulptur nr. 00

Portrett utan plakett og sokkel

Den britiske skulptøren Anthony Gormley (f. 1950) har laga mange store installasjonar også her til lands, det mest særprega av dei alle er *Broken Column* (1999-2003). Arbeidet består rett og slett av 23 heilt identiske mannsfigurar i jarn som er plasserte utover Stavanger. Figurane er plasserte såleis at dei vender andlet mot nord, mot havet.

Skulpturane er baserte på ei avstyping av kunstnaren sjølv, men detaljene er glatta ut til ei nøytral uttrykkslaus utforming. Den første figuren står i Stavanger kunstmuseum, resten har fått særslig utradisjonelle plasseringar – i private leilegheiter, i ein svømmehall, på ein skule, i gatene, i Vågen. Mange av figurane kan ikkje vitjast av publikum, medan andre ruvar i byrommet.

Det kan verke som om skulpturane er tilfeldig strøydde utover byen, men ser ein nøyare etter, vert ein nøyaktig uttenkt plan avdekt. Dei 23 skulpturane er nemleg plasserte såleis at dei står nøyaktig nedanfor kvarande i høgdemeter – såleis at kvar skulptur står på kota som berører issen til den neste figuren. Figurane er 1,95 meter høge, og dannar til saman ei mental søyle som er 44,85 meter høg.

Stavanger kunstmuseum står nøyaktig 41,41 meter over havet. Neste figur står nede i Mosvannsparken, på eit område som er 1,95 høgdemeter lågare i terrenget enn museet. Restan av figurane er sett opp trinnvis nedover mot havet, den siste er solid fundert på havbotnen ved eit skjær, og fullender det 44,85 meter høge verket.

Når ein først skjørnar tanken bak *Broken Column*, vert heile byen aktivisert, og gjer ein merkemd på geografi, så vel som korleis mijøet kring kvar skulptur påverkar opplevinga.

Fleire av skulpturane er ikkje offentleg tilgjengelege, men på nettsidene til kunstmuseet ligg ei digital vandring gjennom installasjonen.

EVA FURSETH

Heldig møte

Det er ei halsbrekkande øving museet har kasta seg ut i, ei samanstilling gjennom tid og rom med oljemåleri i tunge gullrammer, digitale installasjonar, videoverk og endå til ein skulptural atombombesopp. Alt bunde saman av ein så luftig substans som skyer.

UTSTILLING

STAVANGER KUNSTMUSEUM

I skyene

20. MARS – 18. OKTOBER

KURATOR: INGER M. L. GUDMUNDSON

Museet har gjort eit godt forarbeid til utstillinga, noko som også har resultert i ei rikhaldig bok med faggfellevurderte essays av kunstnarar og akademikarar, med høgst lesbare tilnærmingar til fenomenet.

Utstillinga startar med ei mange meter lang tidslinje som tek til med komedien til den greske forfattaren Aristofanes kring 420 f.Kr. og snor seg framover i tid mellom skyrelaterte nyvinningar innan kunst, vitskap og teknologi. Her viser kuratoren korleis kunsten til alle

tider har teke tak i det som hender i samtidia. Vi får også ein introduksjon til grunntypene av skyer, ein kunnskap vi må ta oss tid til å lære, skal vi få fullgodt utbytte av utstillinga. *I skyene* er ei krevjande utstilling, og som tek eit stort jafs av dagen din. For det er sal etter sal med skyer, heile 22 kunstnarar er representerte, her møter du nasjonal og internasjonal kunst av høg kvalitet. Assosiasjonane til skyer flyt i alle retningar, innimellom noko for vidt, andre gongar vert koplinga til temaet vel luftig, men aldri kjedeleg. Ein ting er i alle fall sikkert, du legg betre merke til skyene når du går ut frå museet. Truleg kan du namngje dei også.

SKYER OVER MYRENE

Det var først i 1802 at skyene vart sorterte etter vitskaplege prinsipp. Den nye læra fekk stor innverknad på landskapsmåleriet, ikkje minst for grunnleggaren av norsk målarkunst, J.C. Dahl (1788-1857). Brorparten av eldre måleriar er henta frå eiga samling, men vert aktiverte på nytt når vi ser dei i ny samanheng. Det er spennande leite gjennom verka til Dahl, Hertvig og Gude for å klassifisere skyene dei har fanga med penselen. Skyformasjonar endrar seg raskt, og kunstnarane la stor vinn på å formidle eksakte meteorologiske fenomen.

Det vert likevel aller mest spennande å sjå måleria til Kitty Kielland (1834-1914) i dette perspektivet. *Torvmyr* (1895) viser ei aude landskapssteming, der dei frodige



Frå utstillinga «I skyene». Foto: Oddbjørn Erland Aarstad

nett no. Bilda vart som allegoriar over den omfattande nedstenginga av samfunnet som vi har vore igjennom.

Ein meir overraskande variant er den skulpturale utforminga av ein atomsopp i metall. Yta er så blank at kan spegle oss i henne, er vi offer eller medskuldige? Uansett kva som vert resultatet, er verket meir vakkert enn urovekkande. Verket til Jone Kvie (f. 1971) er frå 2002, men synest avleggs, kan hende fordi det står ved siden av dei ikoniske trykka til Per Kleiva (f. 1933-2017): *Brev fra imperialismens dagbok I, II og III*, 1971. I dag er det heilt andre skyer som truger over horisonten, av den typen som gir fantastiske solnedgangar i Bombay. Underleg nok er tema som klimaendringar og forureining lite plass i utstillinga. Samstundes er dette tema for svært mange utstillingar for



Hans Gude, Luftstudie, 1873.
Foto: Nasjonalmuseet



Berndnaut Smilde: «Nimbus de Toekomst 2», 2019, fotografi

«It is only when the artist lets go of logic that the cloud can be captured.»
Den franske filosofen Hubert Damisch (1928-2017)



Kitty Kielland, Torvmyr.
Stavanger kunstmuseum

tida, så det var eigentleg fint å konsentrere seg om andre perspektiv her.

Eit verk eg stussar over, er jarnfiguren av den britiske skulptøren Anthony Gormley (f. 1950). Den mannhøge skapnaden er ein del av ein diger installasjon som er plassert utover heile Stavanger. På leikent vis er figuren stilt opp så det ser ut som om han granskjer eit landskap av målaren Peder Balke (1804-1887). Ved sidan av heng ein tekst som skildrar korleis store delar av installasjonen til Gormley står under open himmel. Bindinga til skyer vert likevel for tynn, sjølv om museet for tida ønskjer å revitalisere det fascinerande kunstverket, er dette ikkje rette måten å gjøre det på. Denne delen burde vore stengt av. På same vis kunne dei faste utstillingane i museet med fordel

EVA FURSETH

vore tydlegare merka, dersom ein ikkje er kjent i museet, kan ein lett tru dei er del av utstillinga, noko som vert svært forvirrande.

SKYER SOM IKKJE ER SKYER
Det mest tankevekkande verket i utstillinga er laga av Matt Parker (f. 1984). Paradokslt nok handlar videoverket *The People's Cloud* (2012-20) slett ikkje om skyer, men vister tvert om kor langt unna ei sky nettagring i realitten er. Her får vi eit grundig innblikk i urovekkande og globale problem kring den raskt aukande opphopinga av informasjon, så vel som i den skrikande mangelen på samfunnstenelege, langsiktige løysingar.

Verket er akkompagnert av ein svært ubehageleg lyd frå ein høgtalar i taket, ei realistisk framstilling av støyen frå ein datasentral.

Med tanke på at dette er eit verk som alle bør sjå, er den for lang for ei utstilling. Mitt råd er at du heller ser den timeslange dokumentaren i ro og mak heime, og i passelege porsjonar, for det ligg gratis på nettsida til kunstnaren.

I denne samanhengen vert ideen sky svært interessant. Det er eigentleg forbløffande at vi har gått med på å tenke på eit energi- og plasskrevjande fenomen som ei sky. Her har nokre glupe hovud koka saman eit villeande bilde som har slått an verda over.

Eksemelet viser at skyra framleis er eit særstort symbol. Ho viser til noko fritt, himmelsk, grenselauast og reint. Vi er tydelegvis lette å forføre, så lenge bildebruken er god.

KUNST LANDET RUNDT

Filmfestivalutstillingen 2020.

Arne Åse

Haugesund Kunstforening og Haugesund Billedgalleri
15. august – 27. september
Keramikaren Arne Åse (f. 1940) fyller åtti år, og markerer med ei større utstilling. Åse er best kjend for elegante skåler og fat i tynnvegga porseren dekorert med akvarellliknande lettheit.



Trøndelagsutstillingen 2020

TSSK, Trondheim

13. august – 13. september
Som ein av fleire landsdelsutstillingar er Trøndelagsutstillinga eit friområde der verka vert velt ut frå anonyme innsendingar av kunstverk. Av 211 søkerar er det plukka ut 20 verk av 18 kunstnarar. Heile ni er debutantar. Utstillinga har ei stor speiing i alder, teknikk og uttrykksform. Utstillinga vert også vist ved Kunstmuseet NordTrøndelag 3. oktober-7. november.



GRAS: politisk plakatkunst

Telemarksbilleriet & Lysbuen
9. juni – 27. september

Omfattande utstilling med plakatar av den venstreradikale kunstnargruppa GRAS, som var aktiv i åra 1969-1975. GRAS hadde som mål å gje politiske ytringar ei kunstnarleg form som skulle nå ned til grasrota. Typiske tema er EEC(EU)-kampen, Vietnamkrigen og Borgerrettsrørsla i USA. Med verk av Per Kleiva, Morten Krohg, Victor Lind, Bjørn Melbye Gulliksen, Egil Storeide og Olav Orud.



Bodø Biennale 2020

Bodø kunstforening og Stormen bibliotek
3. september – 25. oktober

Tilhøyre og oppleveling av staden er den tematiske ramma for utstillinga. Med referanse til den rivande byutviklinga i Bodø er tre kunstnarar inviterte til å utføre temporære verk i dialog med steds-relaterte verk: Grethe Irene Einarsen (f.1972, Narvik), Kay Arne Kirkebø (f.1979, Førde), og Anna Sigmond Gudmundsdottir (f.1974, Reykjavik).



Anders Sletvold Moe

Kongsberg kunstforening

5. september – 4. oktober
Målaren og grafikaren Anders Sletvold Moe (f. 1978, Steinkjer) viser nye silketrykk og veggmåleri utforma særskilt for kunstforeininga.



Morten Krogh: «Summer blonde», 1971